# SOGNDAL kyrkjelydsblad



Nr. 1 | mars 2023 | 51. årgang



# God påske!





SOGNDAL kyrkjelydsblad

LEIAR:

# Takk og velkommen til Leikanger!

Det bladet du no held i handa, er det første felles bladet for området som fram til 31. desember 2019 var tre kommunar: Sogndal, Leikanger og Balestrand. Dagen etter, 1. januar 2020, vart som kjent desse tre kommunane til ein storkommune.

Det førte til at det vart eitt fellesråd, og det fekk òg konsekvensar for kyrkjelydsbladet: Balestrand sitt kyrkjelydsblad blei innlemma i Sogndal kyrkjelydsblad.

På Leikanger ville dei halde fram med å lage sitt eige blad, som vart utgjeve av soknerådet. Den gruppa som laga bladet, har gjort ein fantastisk jobb, og det er mange timar og mykje god innsats av frivillige som har blitt lagt ned i kvar utgåve av Leikanger kyrkjelydsblad; heilt frå skriving av stoff, samansetting av bladet, som Sigrid Svartefoss som redaktør og Elianne Eggum som designar har stått for, og til distribusjon i bygda, som har vore gjort av damekoret. I kvart ledd har frivillige stått på for eit viktig blad for kyrkjelyden.

Rett før jul vedtok soknerådet i Leikanger at tida no var inne for at Leikanger sitt blad også skulle inn i Sogndal kyrkjelydsblad. Mange vil nok synast at dette er trist, for eit kyrkjelydsblad - særleg dei som er laga av sokneråda sjølve - er ein viktig del av identiteten.

Vi har heldigvis fått med oss den gode kompetansen som Sigrid Svartefoss har, inn i redaksjonen i Sogndal kyrkjelydsblad. Det er eg svært glad for!

Eg vil rette ei stor takk til dei som har stått på for Leikanger kyrkjelydsblad, og samstundes ynskje Leikanger velkommen inn i bladet vårt. På lik linje som Balestrand har fått sette sitt preg på bladet vårt, kjem også Leikanger til å sette sitt preg på bladet framover.

Når no bladet vert gjeve ut i heile kommunen vår, gir dette oss nokre moglegheiter som vi kjem til å undersøke i tida framover: Korleis skal bladet vere? Kva skal vi skrive om?

Vi veit at kyrkjelydsbladet betyr mykje for folk i kyrkjelydane våre, og vårt mål er å framleis lage eit godt blad for kyrkjelydane og folka i Sogndal kommune. Dersom du har nokre tankar kring dette, eller konkrete forslag til kva vi kan skrive om, er du hjarteleg velkommen til å ta kontakt med redaktøren.

God påske!

*Hallgeir Øgaard Westli*
**Redaktør**

## Stoff og bilete til Kyrkjelydsbladet

**Har du bilete eller tekst som du ynskjer at vi skal ta inn i bladet?** Send det gjerne på e-post til post@sogndal.kyrkja.no innan stoffristen for kvart enkelt nummer.

**Har du tips til noko vi kan skrive om?** Ta gjerne kontakt med redaktør Hallgeir Øgaard Westli på e-post hallgeir.westli@sogndal.kyrkja.no eller telefon 94 00 38 34.

Utgjevingsplanen vart også publisert i julenummeret 2022, men er justert noko etter dette. Sjå elles **www.sogndal.kyrkja.no/kyrkjelydsblad**

**Nr 2-23: Sommar.** Stoffrist: 19. mai. Utgjeving i slutten av juni.
**Nr 3-23: Haust.** Stoffrist 18. august. Utgjeving i slutten av september.
**Nr 4-23: Jul.** Stoffrist 27. oktober. Utgjeving i byrjinga av desember.


## Utgjeve av Sogndal kyrkjelege fellesråd

Redaktør: Hallgeir Øgaard Westli

Besøksadresse:
Stedjetunet 2. etasje,
Kyrkjevegen 6
6856 Sogndal

Bankgiro: 3705.19.42087

Postadresse:
Sogndal kyrkjelydsblad,
Postboks 180, 6851 Sogndal

Telefon kyrkjekontoret:
57 67 99 85
e-post: post@sogndal.kyrkja.no

Heimeside:
www.sogndal.kyrkja.no

Grafisk:
printfarm.no

Kyrkjelydsbladet blir sendt til heimane i alle sokn i Sogndal kommune. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanfor sokna bladet vert distribuert til.

Neste nummer av kyrkjelydsbladet kjem ut i slutten av juni.
Stoff kan sendast til
post@sogndal.kyrkja.no
innan 19. mai.


**Foto på framsida:**
**Stort bilete:** Frå LysVaken-gudstenesta i Stedje kyrkje. Foto: Bente Leirdal Sleen

**Lite bilete venstre:** Ragnhild Jepsen framfor Bergen domkirke der ho blir vigsla til biskop i Bjørgvin 16. april. Foto: Jens Z. Meyer, Bjørgvin bispedøme

**Lite bilete høgre:** Oscar, Amanda og Sofia viser frem dei flotte englane dei laga på engleverkstaden på Leikanger. Foto: Birte Husum

# Glimt frå Diakoniarbeidet

**«Torsdagsklubben»** på Stedjetunet kvar 3. / 4. torsdag frå kl 17-18 er ei open samling med song og musikk, lesestykke, utlodning og enkel servering. Vi har tilrettelagt samlinga for menneske med psykisk utviklingshemming, og det ser ut til at dei som kjem trivast godt den timen vi er saman! Tilbodet er for heimebuande og andre som kan ha glede av å treffe andre gjennom song og musikk. Gjer gjerne tilbodet kjent for fleire viss du kjenner nokon. To frivillige er med kvar gong, og det er ekstra fint at dei vil bruke fritida si på dette! Arild er organist og gler oss med musikken sin. No i vår skal òg konfirmantar vere med på samlinga, og det ser vi fram til!

**Vi er langt forbi julehøgtida** når dette skrivast. Men det er fint å fortelle om korleis det vart likevel! På julaftan var det 34 påmeldte til felles open feiring på Stedjetunet, og med nydeleg tradisjonell julemat frå sjukeheimen i Sogndal, låg mykje til rette for at det blei ei fin julaftan-feiring! Menneske frå mange land og kulturar var samla, og saman fekk vi synga litt og gå rundt juletreet. Julenissen fann oss på Stedjetunet og hadde julegåver til både dei små og store! Volodymyr frå Ukraina gledde oss med sitt fantastiske pianospel, og då kvelden var omme var det mange som var samstemte i at det var godt å vere saman på sjølvaste julafta. Vi nyttar høvet i kyrkjelydsbladet til å takka for diverse hjelp og støtte: Kjøkkenet på SHOS i Sogndal med Ann Lisbeth Skjerven i spissen, Sogndal taxisentral, Rema 1000 i Stedjevegen, Europris, Geir Olav Lereim og familie og Sparebankstiftelsen Sparebanken Vest. Tusen takk for fint samarbeid med Frivilligsentralen i Sogndal ved Åge Vedvik! Vi håper det er nokon som kan tenke seg å vidareføre tradisjonen som no er etablert, og arrangere open felles-julaftan 2023!

**Sorggruppe**

I januar 2023 vart det starta ei ny sorggruppe på kyrkjekontoret, og det er 9 påmeldte som samlast kvar 14. dag. Gruppa vert leia av soknediakon Gitte Therkelsen Torstad i samarbeid med lærar i helsefag, Bente Karin Vatlestad. Gjennom fleire år har det vore ein eller to sorggrupper gjennom året, og det er eit mål i seg sjølv at det kvart år er tilbod om minst ei gruppe i kyrkjeleg regi. Vår erfaring er at sorg-gruppearbeidet er viktig for dei som deltek. Samtalene i gruppa vert unike, der det vert delt frå eige liv og erfaring. Støtta og anerkjenninga gruppe-deltakarane gir kvarandre, er med å gi nytt mot på vegen vidare. Samtidig er det verdifullt å ha ein plass der du kan få snakke høgt om kjensler, sorg og det som er vondt, utan at nokon tenkjer at du burde vere ferdig med sorga. I Sogndal ynskjer vi at det skal vere lav terskel for å vere med i sorggruppe!

*Gitte Therkelsen Torstad*
**diakon**



*Julenissen kom og på open julaftanfeiring på Stedjetunet.*
*Foto: Gitte Therkelsen Torstad*

**I løpet av året kan du lese om følgjande på heimesidene våre:**

**www.sogndal.kyrkja.no**

- Kyrkjelydstur rundt Lustrafjorden laurdag 19. august
- Basarkveld for kyrkjelydshytta i løpet av september
- Medarbeiderfest 20.september
- Fellessamling/kurs for frivillige måndag 16. oktober (dato med forbehold) på Stedjetunet.

# Nytt frå fellesrådet



*Det skal monterast lynvern og nytt flaumlys ved Fjærland kyrkje.*
*Foto: Hallgeir Øgaard Westli*

**Påske og vår er i anmarsj og me går lysare tider i møte. Påska er ei av dei største høgtidene i Noreg og i kyrkja. Mykje arbeid både inne og ute rullar fortare i takt med snøen som forsvinn. Ein del vedlikehaldsarbeid og utbetringsarbeid som har stått på vent i vintermånadane skal no setjast ut i live.**

**Tjugum kyrkje**
Nytt brannalarmsystem skal vere på plass i Tjugum kyrkje ved påsketider. Tjugum kyrkje hadde eit gamalt brannvarslingsanlegg som varsla lokalt, men oppringinga til privatpersonar var defekt. Det gamle brannvarslingsanlegget hadde heller ikkje ekstern varsling, og var utdatert. Me har vore heldige å få tilskot frå KNIF og Stiftelsen UNI til brannalarmen. Det nye systemet skal gi oss betre tryggleik for bygget, og me er særs glade for å få dette på plass no.

**Fjærland kyrkje**
I Fjærland skal det monterast lynvern på kyrkja og flaumlysa skal skiftast ut med nye. Kyrkja ligg svært ope til på ei slette der tårn og spir er noko av dei høgaste punkta i området. Dette gjer henne utsett for lynnedslag, og eit betre lynvern av kyrkja har me ynskt oss lenge. Flaumlysa



er også av det gamle slaget som krev mykje straum, så ei utskifting til nye LED-flaumlys håpar me skal bli ei god løysing. Alt dette håpar me å få på plass i løpet av våren. Også her har me vore heldige å fått eit tilskot frå Stiftinga UNI til lynvernet, og resterande kostnad vert dekka av eigne midlar.

**Stedje kyrkje**
Som det har vore nemnt fleire gonger i kyrkjelydsbladet, er det eit stort vedlikehaldsarbeid som er i gang på Stedje kyrkje. Me håpar at det meste av snekkararbeidet skal bli ferdig i vår, og så skal kyrkja bli måla utvendig. Gamal måling skal bli skrapa og vaska før nye strøk med linoljemåling skal bli påført. Mykje av dette vedlikehaldsarbeidet vil bli utført samstundes. Stedje kyrkje har 15 store og nokre små vindauge som sårt treng vedlikehald. Det store glaset over inngangspartiet og eitt av dei andre store vindauga vart tekne i fjor, og me håpar å få tatt nokre i år også. Det er om lag 100 små ruter i kvart av dei store vindauga. Vedlikehaldsarbeidet på Stedje kyrkje er kostnadskrevjande og må bli tatt over tid. Sogndal kommune har løyvd kr. 800.000 til dette vedlikehaldet, og resterande del vert dekka av eigne midlar.

**Planar for åra som kjem**
Det er mange ting me gjerne skulle fått gjort rundt om på alle kyrkjebygga og gravplassane våre, og me prøver å få til så mykje som råd ut frå den økonomien me har. Mange planar ligg føre for åra som kjem.

**Kyrkjevalet 11. september**
Til hausten blir det kyrkjeval samstundes med kommune- og fylkestingsvalet den 11. september. Nominasjonsnemndene til sokneråda er no i full gang med å setje saman vallister, og dei skal vere klar til 31. mars. Still gjerne som kandidat og bli med på valet – så kan du vere med og skape ei god kyrkje i ditt sokn!

**Felles kyrkjelydsblad**
Til slutt vil me gjerne ynskje lukke til med felles kyrkjelydsblad for alle sokna våre!

Leikanger sokn har hatt eige kyrkjelydsblad i fleire år, men ynskte no å gå saman med Balestrand og «gamle» Sogndal om eit felles blad. Det er sett saman ei felles redaksjonsnemnd, og dei har starta å tenkje rundt dei lengre linjene til bladet og kva for profil ein ynskjer det skal ha. Dette håpar me skal bli ei god løysing for alle! God påske!

*Jorunn Merete Haukås-Eide*
**Kyrkjeverje i Sogndal**

# Den nye biskopen gler seg til påskejubel

**Ragnhild Jepsen blir vigsla som ny biskop i Bjørgvin første søndag etter påske, 16. april. Ho er framleis domprost i Nidaros domprosti, men me fekk ein liten samtale med biskopen som alt er utnemnd, men enno ikkje har kledd seg i bispekåpa.**



*Ragnhild Jepsen gler seg til å bli vigsla som biskop i Bergen domkirke 16. april. Foto: Gyrid C Nygaard*

Ragnhild Jepsen har vore til stades i fleire bispevigsler tidlegare. Ho trur ein slik dag kan vera god å ha i ryggen seinare.
— Det er mykje fest og fokus på ein person, og det er fint å ha med velsigninga, bønene og fellesskapet når kvardagen kjem med ulike krevjande situasjonar. Det er noko stort i det å bli sett og kjenne på kyrkja sitt tydelege ja til meg som biskop; eg ser verkeleg fram til den dagen.
Eg er også veldig glad i å feire gudsteneste, og det blir flott å syngja påskesalmar denne første søndagen etter påske, seier ho.

*– Er påska relevant i vår tid?*
– Når me jublar påskegleda ut på første påskedag, er det på vegner av alt Gud har skapt som også skal bli nyskapt. Det som hende i påska med Jesu død og oppstode er det endelege beviset på at Gud har frelst sin skapning og har tru på mennesket og alt Han har skapt, seier den komande biskopen.

*– Kva ser du fram til ved å bli biskop?*
– Eg ser fram til på bli kjent i bispedømet og med menneska her, med kyrkjelydane, både tilsette og frivillige med-arbeidarar. Eg ønskjer også å vera ei tydeleg stemme i kyrkja og på vegner av kyrkja, seier den komande biskopen. Ho er ikkje klar til å lansera noko særleg satsingsområde for sin eigen del.

– Eg vil først av alt lytta meg inn til kyrkja og livet i Bjørgvin.

Den nye biskopen kjem frå Ål i Hallingdal. Ho har røter i Vestland, men har ikkje budd her før. – Eg gler meg til å flytte til Bjørgvin og ser fram til å bli kjent i byen og fylket. Det blir mykje nytt, ikkje minst det å etablera seg med eit nettverk, også på fritida; det er eit arbeid i seg sjølv, seier Ragnhild som til bispebustaden på Landås har med seg ektemannen Einar Vegge. Han er pilegrimsprest i Nidaros, og har reist langs delar av kystpilegrimsleia i bispedømet vårt. Dette ser også Ragnhild fram til å få høve til. Dei har to vaksne born, Håkon og Ingjerd.

*– Du syng i kor i Nidarosdomen, trur du at du får tid til å synga i kor i Bergen?*
– Det skal vel godt gjerast. Eg har sunge i kor sidan eg var tre år, og viss det byr seg eit høve, seier eg ja, kanskje til eit prosjektkor?

Ragnhild Jepsen har vore prest i 25 år, først som kapellan i Åmot i Østerdalen, sidan som kapellan og sokneprest og frå 2011 domprost i Nidaros domprosti.
– Dette har gjeve meg mange erfaringar og møte med menneske i sorg og glede som eg tek med meg. Eg har som prost også vore mykje med i rådsarbeid, blant anna fellesrådet i Trondheim. Eg er oppteken av at både organisatoriske strukturar og at alt det praktiske med bygningar og liknande gjev gode rammer for at kyrkjelyden kan driva sitt kyrkjelydsbyggjande arbeid, seier den nye biskopen. Dei som har møtt henne, skjønar at ho er glad i å vera saman med folk og ho fortel at ho, på same måte som andre i staben, ofte har vore vertskap for besøkande til Nidarosdomen, anten det er store eller små grupper.

*– Kva har kyrkja å «tilby» til folk flest?*
– Gode fellesskap der du kan koma uansett alder, funksjon eller prestasjon. Me skal også vera ein fortolkar av tida vår. Dersom me til dømes opplever barnefattigdom, korleis kan me då vera kyrkje på ein truverdig og evangelisk måte? Dette må skje lokalt, men det er viktig å ha støtte frå bispedømet.

Eg synest det er viktig at kyrkja, som ein del av lokalsamfunnet, spelar saman med lokale organisasjonar, skular og grupper. Eg vil også oppmuntra om å byggja kristne fellesskap der me samlast om det som er umisseleg for oss.

*Jens Z. Meyer*
**kommunikasjonsrådgjevar**
**Bjørgvin Bispedøme**

**Vigslingsgudsteneste i Bergen domkirke**

Ragnhild Jepsen vert vigsla og innsett som biskop i Bergen domkirke søndag 16. april kl. 11.00. Der deltek H. M. Kongen.

**LEIKANGER KYRKJE**

## Konsert med Oratoriesolistene

**Torsdag 27. april kl. 19.00** vert det flott konsert i Leikanger kyrkje. Då kjem Oratoriesolistene til kyrkja.

Oratoriesolistene er eit lite ensemble som sett opp oratorieverk opprinnelig skriven for kor og orkester i eit mindre format. Dei består av profesjonelle songarar, og heldt eit svært høgt nivå.

Meir informasjon om konserten kjem snart på nettsidene våre og våre Facebook-sider!

ORATORIE SOLISTENE

# Jesusbarnet på «juleturné»

**«Det er ikkje ein ekte baby, altså» var det ein gut som sa. «Nei, han er ikkje ekte, men me leikar at han er ein baby og at han heiter Jesus», sa eg. Dei andre ungane nikka bekreftande, og jammen vart guten som hadde sagt det med på leiken også.**

**Kappe og fjørpenn**
I adventstida har krubba og Jesusbarnet vore rundt i mange av kyrkjene våre, og barnehagebarn har fått leike den gamle forteljinga. I Stedje og Leikanger hadde me adventsvandringar. Tenk å få leike så mykje som prestane, kyrkjetenarane og eg har fått gjere på jobb i adventstida. Sjølv kledde eg meg i flott kappe og krone, og lurte på om dei visste kven eg skulle vere. «Ein konge!» var det kontante svaret. «Nesten», svara eg, «men det er noko endå flottare enn konge.» Ivrige hender opp i lufta og dei kappast om å få svare: «Dronning! Prinsesse!» Gode forslag der altså, men det rette svaret var keisar Augustus. Sidan han ville telje alle folka som budde i riket sitt, skreiv eg namna til borna med fjørpenn i manntalet. Mange fine namn!


*Julekrubba i Fjærland.*

**Gjest versus Jesus**
Me leika at me reiste langt tilbake i tid til den gongen ein heilt spesiell baby kom til verda. «Er det nokon som veit kor lenge det er sidan Jesus vart fødd», spurde eg. Ei jente rekte opp handa og fekk ordet: «Eg kjenner nokon som bur nesten der som…» «…der som Jesus budde», trudde eg ho sa, og lurte på om ho snakka om Betlehem eller Nasaret. Men eg skjøna fort at eg hadde misforstått. Det var Gjest Bårdsen sitt hus ho kjente naboen til. Me var einige om at det var frykteleg lenge sidan Gjest`n levde og, men at det var voldsomt mykje lenger sidan Jesus kom til verda. Dei vart vel fødde i tronge kår begge to, men likskapen sluttar kanskje der?

**Englar, hyrdar og ein trøytt husvert**
Den kvitkledde engelen Gabriel trengde fleire til englekoret. I litt for lange Lucia-kjolar og med lys i hendene gjekk englane føre dei andre til Betlehemsmarkene, der borna fekk vere gjetarar som passa sauene sine rundt eit bål, midt på kyrkjegolvet! (Det var ikkje ekte, altså! Me leika!) Gjetar-omsorga var stor, og nokre klappa dyra, som hadde killingskinn på ryggen, gjennom heile musikkstykket som organistane spela. Barn og vaksne melde seg til å vere ei Maria og ein Josef på leit etter husrom. Det var med store auge dei oppdaga den søvndrukne husverten som kikka ut frå altanen sin (preikestolen) og lurde på kva dei gjorde der «midte pao natti»! Kanskje vart det litt skummelt for den vesle Maria som ikkje ville vere Maria lenger, då dei kom fram til stallen innanfor altarringen. Ja, det er ikkje berre-berre å føda fram eit born etter englesong og husjakt! Heldigvis kom det ei veldig grei jordmor til unnsetning, og Jesus vart sveipt og lagt i ei krubbe.

**Englepynting, gøymsel og einauga Maria**

Det er ulike førjulstradisjonar i kyrkjene våre. I Fjærland arrangerte soknet juleverkstad der dei laga julekrybbe. I Stedje, Norum og Kaupanger er det barnehageborna som pyntar kyrkjene. Jesusbarnet i krubba var med overalt. Ylvisåker barnehage fekk pynte juletreet i Ølmheim kyrkje. Me oppdaga ein hemmeleg gøymeplass bakom altertavla, og før dei vaksne visste ordet av det var alle ungane borte vekk. Det tok litt tid før dei vaksne klarte å finna dei, men då vart det knising i stor stil.

I den eldgamle stavkyrkja på Kaupanger heng me englane opp framme i koret. Julefigurane som elevar frå Kaupanger skule laga for mange år sidan illustrerer stallen og personane frå juleevangeliet. Ungane frå Furuli var ikkje særleg imponerte: «Sauen manglar ein fot! Kvifor er gjetarane sine armar så lause? Kvifor er det ikkje meir høy i krubba?». Det heile toppa seg då me såg at Maria hadde berre eitt auge att. Kanskje lyt me hinta om ei ny krubbe snart? Den gamle treng sårt restaurering i det minste.

**Hjarterom og husrom**

Jesusbarnet har fått oppleve mykje spennande og helst på mange kjekke ungar denne adventen. Hadde han vorte født i Sogn anno 2022, skulle han i alle fall fått husrom i kyrkja. Eller kanskje han kunne lagt seg inn hjå naboen til Gjest Bårdsen-huset? Det høyrdest ut som ein kjekk stad å kome på besøk.

*Birte Husum*
**leiar i trusopplæringa**

*Kyrkja i Sogndal*
**Foto**







BALESTRAND KYRKJELYD:

# Helgetur med fokus på relasjonar

**Helga 10. - 12. februar inviterte Balestrand sokneråd til sin åttande kyrkjelydstur for små og store balestrendingar. Femti påmelde kunne nyte god mat og flotte fasilitetar på Lyngmo ungdomssenter på Hafslo. Vi hadde med oss Anine og Thomas Mildestvedt som inspirerande talarar.**



Etter fleire år med utsetjingar kunne soknerådsleiar Helge Ulvestad endeleg ynskje velkommen til kyrkjelydstur att. Jenny Menes frå soknerådet har leia komiteen som har planlagt helga. Tema for samlingane dreia seg rundt fleire ulike former for relasjonar: Mellom enkeltpersonar, i familien, i kyrkjelyden og til Gud.

Fredagskvelden fekk deltakarane ein smakebit av NMS sitt opplegg «Use your talents» som er utvikla på Madagaskar. Etter aldersblanda gruppearbeid, fekk vi eit godt utgangspunkt for vidare samtale. Temaet var korleis vi som kyrkjelyd kan samarbeide med gode krefter i lokalmiljøet og bidra positivt ut frå gåvene og interessene våre.

Anine arbeider kreativt med ungdom som rådgjevar for Bjørgvin bispedøme medan Thomas er fastlege i Bergen og professor ved UiB. Dei har halde kurs og inspirasjonssamlingar i lag i over 25 år. Hovudfokus i starten av helga var på mellommenneskelege relasjonar. Laurdag vart det dessutan tid til eit kort par-seminar. Kanskje soknerådet kan få til eit litt lengre samlivskurs ved eit seinare høve?

Deltakarane var frå eitt år til over åtti og det var kjekt å kunne vere alle generasjonane samla ved mange av møtepunkta. Gjennom helga lærte to av den yngre garde oss ein dans som vart «leirdansen» vår. Ved nokre økter var det også eige opplegg for borna og dei unge, både med hobbyaktivitetar, undervisning og flittig bruk av Lyngmo sin flotte gymsal.

Medan nokre reiste i skianlegg og skitrekk laurdag, var mange att på Lyngmo og kosa seg med ulike snøaktivitetar.

Mellom samlingane gjekk praten godt på kryss og tvers: Det er lettare å bli betre kjende når ein er i lag over litt meir tid. Det var også populært med ulike brett- og kortspel, og det var rikeleg tilgang til både heimelaga kaffimat og knekkebrød som eit meir fiberhaldig alternativ.

Det vart mange rundar både med stikkball og kanonball i gymsalen. Særleg populære var kampane mellom dei vaksne og borna/ungdommane.

Laurdagskvelden losa kyrkjelydspedagog Magni Åm Risa oss gjennom ein artig leirkveld med mange bidragsytarar og kreative sprell. Etter laurdagskos og legging av dei yngste, vart laurdagskvelden avslutta med ein songkveld leia av organist Jorunn Andrea Høines. Ho hadde funne fram og leia allsongen i eit breitt spekter av fine salmar og songar. Mellom songane delte tre av deltakarane i ulike aldrar kort om sin relasjon med Gud i kvardagen.

Søndagen var det open gudsteneste på Lyngmo og fleire lustringar og tilreisande slutta seg til fellesskapen. Sokneprest Kjetil Netland leia gudstenesta som fokuserte på relasjonen vår til Gud. Med seg hadde han svært mange gode hjelparar både i førebuing og gjennomføring av dei ulike ledda i gudstenesta.

Etter søndagsmiddag og dessert kunne deltakarane sjå tilbake på ei inspirerande helg, med styrka relasjonar på mange plan.

*Jostein Risa*
**Tekst og foto**

**Andre foto: Magni Risa (frå gudstenesta)**
**Jenny Menes (1. bilde på rad 3)**














Halleluja,
Halleluja,
Halleluja,
Halleluja,

# Utvendig vedlikehald av Kvamsøy kyrkje

**Kvamsøy kyrkje fekk omfattande ytre vedlikehald hausten 2022. Til saman vart det brukt om lag kr. 1.750.000 på vedlikehaldet. 60% av dette er klimaskalmidlar me har fått frå Riksantikvaren, og dei resterande 40% er eigne midlar.**



*Stillas vart montert frittståande utan feste i kyrkjebygget. Det vart sett opp stillas rundt heile bygget. Foto: Vestlandshus Sogn*

Kvamsøy kyrkje er ei mellomalderkyrkje i stein frå om lag år 1280. Kyrkja ligg på øya Kvamsøy i Balestrand, og einaste tilkomst til øya er med båt. Kvamsøy kyrkje er ei av to mellomalderkyrkjer i stein i kommunen vår; den andre er Leikanger kyrkje. Begge er automatisk freda av Riksantikvaren. Kvamsøy kyrkje er etter tilhøva ei stor kyrkje med 210 sitjeplassar.

Det vart utarbeida tilstandsrapport for kyrkja i 2020, og denne danna grunnlaget for vurderinga av kva vedlikehaldsarbeid ein burde prioritere i denne omgang. Rapporten danna difor også grunnlaget for anbodspapira ved utlysing av ytre vedlikehald/klimaskalet på anbod. Ein fekk inn fleire tilbod på utføring av arbeidet, og valet falt til slutt på Vestlandshus-Sogn AS. Arbeidet har vore utført frå medio august til månadsskiftet oktober/november 2022.

**Stillas, materiale og tak**

Stillas og materiale til utføring av arbeidet vart frakta over til Kvamsøy med om lag 60 helikopterløft samt at noko vart ført over med båt. Stillas vart montert frittståande rundt heile bygget utan feste i kyrkjebygget.

Gamal takstein vart rive og sendt ned gjennom eit røyr/steinrenne frå taket og ned på bakken. Dette vart gjort med varsemd for å ta vare på dei taksteinane som

var i best tilstand. Tilstanden til undertak og lekter var bra og kunne difor nyttast om att. Etter at takstein og lekter var rive gjekk ein over og tetta skadde områder. Oppå gamalt tak vart det lagt eit diffusjonsope undertak for å hindre vidare lekkasjar. Det nye diffusjonsopne undertaket vart også lagt godt opp etter vindskier og rundt tårnstamme. Dette for å sikre dei mot inndriving av vind og vær. Etterpå vart lektene remontert og tilpassa ny stein.

Taket på støttepilarane vart også demontert for takstein og lekter, før lekter og takstein vart remontert. Etter ynskje frå Riksantikvaren vart det beste av den eldste taksteinen nytta opp att på støttepilarane. Det er ikkje rom under/inni desse støttepilarane. Dei vart i si tid mura opp for støtte og stabilisering av kyrkjebygget.

Taket var skeivt og ein måtte ha ein del prøving og feiling for å tilpasse steinen til alle skeivheitene. Det var ein forskjell på heile 22 cm på lengda av taket. Det måtte også gjerast ein del tilpassingar rundt tårnstamma. Taksteinen som vart nytta på taket er Dantegl. Den eldste taksteinen vart reinska for mose og nytta opp att på dei to støttepilarane i sørvestre-hjørna.



*Stillas og materiale til utføring av arbeidet vart frakta over til Kvamsøy med om lag 60 helikopterløft samt at noko vart ført over med båt. Foto: Vestlandshus Sogn*

**Takrenner**
Det var frå tidlegare montert takrenner i tre på langsidene av kyrkja. Desse var i dårleg forfatning, og ei vurdering av kva ny løysing ein skulle gå for vart inngåande drøfta med vernestyresmaktene/Riksantikvaren. Ein einast om å montere koparrenner og dette vart eit veldig bra resultat. For å sleppe innfesting i veggen vart nedløpa lagt inni dei gamle trerennene som gjekk frå taket og ned i bakken. Koparrenna vart avslutta om lag 50 cm frå botnen av trerenna. Dette vart gjort for at regnvatnet skulle få sige ned i grunnen utan at vatn vart ståande opp i koparrenna. Dette vart også gjort for å hindre frostsprenging. Det vart i tillegg lagt beslag i kopar frå takskjegget og opp i koparrennene. Dette vart gjort for å hindre regnvatnet å renne ned langs kyrkjeveggen.

**Vegger**
Treverket i austveggen var dårleg med fleire hol og roteskadar. Her vart kledninga rive forsiktig, sortert og tilpassa best mogleg for å kunne nyttast om att. Det vart difor også brukt om att så mykje som mogleg av kledninga. Til dømes vart materiale som var demontert, men som hadde god nok kvalitet, gjenbrukt høgre oppe der lengdene var mindre. På den måten unngjekk ein å få for mange skøyter på kledninga, men fekk samtidig nytte om att mykje av den gamle kledninga. Den nye kledninga er av alfuru frå Kaupanger. Den vart skoren i ulike breidder og tjukkelsar for å etterlikne mest mogleg den

eksisterande kledninga, og slik skape eit så likt uttrykk som mogleg av slik gavlveggen opphavleg såg ut. Dei gamle smidde spikrane som var brukt på veggen vart beinka og nytta om att. Bindingsverket i veggen hadde ein del angrep av husbukk eller liknande utøy. Ein valde likevel å behalde det gamle bindingsverket sidan kjerneveden var bra. Dette etter drøfting med Riksantikvaren.

Det vart ei tid også drøfta med Riksantikvaren om vindauga som stod i gavlveggen skulle takast bort eller setjast inn att etter at gavlveggen var reparert. Vindauga var eit svakt punkt på veggen og vatn kom inn bak kledninga. Etter ei vurdering ynskte Riksantikvaren at vindauga vart sett inn att. Til slutt vart gavlveggen tjærebredd.

Veggene på tårnet vart måla med kvit linoljemåling og taket vart tjærebredd.

**Dører**
Sidedøra var i svært dårleg forfatning, og vart etter drøfting med Riksantikvaren tatt ut og brukt som mal for å lage ny dør. Den gamle døra har ein gong tidlegare vore skoren sund, og ein bit frå ei gamal innerdør var sett inn saman med eit dørhandtak. Døra var også sterkt angrepa av husbukk eller liknande utøy, og bar sterkt preg av elde og slitasje. Den vart frakta til ein verkstad på land og brukt som mal ved tillaging av ny dør. I samband med dette fall den gamle døra frå kvarandre.
Ny dør er i ferd med å bli laga av materiale frå eit 200 år gamalt tre. Det er også handlaga eit beslag som skal monterast på innsida av den nye døra, og som skal nyttast for å stenge og låse døra med ein bolt. I dørkarmen



*I desember var mange frivillige i sving for å ta ned tre og busker rundt kyrkja.*
*Foto: Jostein Risa*

er det frå før støypt inn ein «bøyle» som bolten går gjennom ved stenging av døra med hengsla. Døra vart tidlegare stengt ved å knyte tau frå døra og til «bøylen» i dørkarmen. Dei gamle hengslene som festar døra i dørkarmen skal nyttast opp att. Når ny dør er ferdig blir den frakta ut til øya og montert i dørkarmen.

Vindskier, dekkbord, gavlvegg, hovuddør og tak på tårnet er tjærebredd med milebrent tjære.

Ein valde å sjå vekk frå kalkmåling av ytterveggene i denne omgang på grunn av tida på året vedlikehaldsarbeidet vart utført. Ein har ut frå disposisjonsvedtaket frå Riksantikvaren løyve til å utføre dette arbeidet innanfor ein periode på 3 år, så kalkmåling av ytterveggene vil bli vurdert ved eit seinare høve.

Etter som tida har gått har det vakse opp mykje tre og busker framfor kyrkja, og den vart etter kvart vanskeleg å sjå frå landsida. I desember vart det gjennomført ein stor dugnad på å ta ned tre og busker som skugga for synet. Me vil retta ei stor takk til dugnadsgjengen for den innsatsen, og for at kyrkja igjen er godt synleg!

Kvamsøy kyrkje er eit landemerke og eit historisk bygg. Det er ei flott kyrkje, men den hadde behov for ein del vedlikehald. Med arbeidet som no er utført håpar me den kan bli ståande og bli brukt i mange, mange år til.

*Jorunn Merete Haukås-Eide*
**kyrkjeverje i Sogndal**

Denne artikkelen er også publisert på våre nettsider,

**www.sogndal.kyrkja.no/kvamsøykyrkje**

Der finn du òg fleire bileter frå arbeidet som har blitt utført.

# Kyrkjeval i haust

**Kven skal styre kyrkja her eg bur?**
Den 11. september er det val til nytt sokneråd i sokna i Sogndal. På valdagen for kommune- og fylkestingvalet, kan medlemmer i Den norske kyrkja også velje kven som skal styre i sin lokale kyrkjelyd, i tillegg til å velje kven som skal inn i bispedømerådet og dermed også sitje på Kyrkjemøtet, som ofte blir kalla kyrkja sitt storting.

No i februar og mars arbeider nominasjonskomiteane med å sette opp lister over kandidatar til å sitje i sokneråda. Dette er eit tillitsverv, og Den norske kyrkja her i kommunen har bruk for styre som består av menneske med ulik alder og erfaring. Dei som blir valde treng ikkje å ha vore av dei mest aktive i kyrkja. Mange har rik livserfaring og kunnskap frå yrkesliv og frivillig arbeid, dette er viktige tilskot til det teamet som skal utgjere soknerådet. Så svar frimodig ja til å bli med, om du blir spurt! Eller foreslå andre eller deg sjølv som frivillige i kyrkjelyden sitt mangfaldige arbeid.

Fristen for å ha klar ei liste er 31. mars kl. 12:00. Kven som helst av medlemmane i våre sokn kan i prinsippet foreslå ei liste til soknerådsvalet, så lenge forslaget er skrive under av ti personar med røysterett. Nominasjonskomiteen si liste kan ein òg supplere med eit ekstra namn i perioden 2. – 15. mai. Fem medlemmar med røysterett kan saman foreslå ein supplerande kandidat som då vil kome med på lista til valet.



*Foto: Kirkerådet*

**Soknerådet sine oppgåver**
Soknerådet skal bidra til at kyrkja er ein plass alle kan kjenne seg heime i. Det betyr mellom anna å legge til rette for at menneske kan møtast til kyrkjebyggande aktivitet som barne- og ungdomsarbeid, gode gudstenester, dåps- og konfirmantundervisning, diakoni (kyrkja si omsorgsteneste), musikk og frivillig arbeid av ulik karakter. Soknerådet lagar planar som vert gjennomført av tilsette og frivillige i fellesskap.

Ei nasjonal undersøking blant sitjande soknerådsmedlemmar viser at eit stort fleirtal trivst og opplever det som meiningsfylt å vere med i soknerådet.

**Digital førehandsrøysting**
På sjølve valdagen 11. september vil du finne kyrkjevalet sitt vallokale i nærleiken av lokala til kommunevalet, og med same opningstider. Frå 10. august kan du røyste på førehand, og nytt i år er at du kan førehandsrøyste digitalt ved kyrkjevalet. Alle medlemmar som fyller 15 i år eller er eldre, har røysterett.

**Informasjon om kyrkjevalet finn du på nettsida www.kyrkjevalet.no**

## VIKTIGE DATOAR

**31. mars kl. 12.00**: Frist for innlevering av listeforslag til valstyret (soknerådet) **2. mai**: Frist for kunngjering av vallister og valform **10. august – 8. september:** Periode for førehandsrøysting **11. september**: Valdag **13. september:** Offentleggjering av valresultat **1. november:** Nye sokneråd tiltrer

*For lokal informasjon om kyrkjevalet, sjå www.sogndal.kyrkja.no/kyrkjeval*

# Nizar si eventyrlege vassreise

**Synet som møtte Nizar Seleman Utanga for sju år sidan, gav liten grunn til håp, men sidan den gong har ho vore med på å endre 126 000 liv i Mbulu i Tanzania. Det heile byrja med ein brønn.**



– La meg løfte saman med deg, så du ikkje mistar bøtta, seier Nizar Seleman Utanga og hjelper ein ung gut med å helle vatn over i ein dunk.

Området vi er i, heiter Mbulu og ligg i Tanzania, i den spektakulære Riftdalen. Omkransa av fjell, solsikker og endelause maisåkrar. Så vakkert, men samtidig så røft og brutalt for dei som bur her. I ei årrekkje har dei kjempa mot tørke og vassmangel. Innbyggjarane i landsbyen Goje måtte gå mellom fem og seks timar kvar dag for å hente vatn. Dette er ein landsby Nizar har besøkt jamt og trutt dei siste åra som program-medarbeidar i Kirkens Nødhjelp.

– Sist eg var her, var det høg arbeidsløyse, stor fortviling blant bøndene, tomme skulebenkar og mykje sjukdom. Ingen hadde eit sosialt liv. Det var det ikkje tid og rom for, seier ho.

Verken menneske eller dyr hadde vatn.
– Dei som bur her, gjekk i fem–seks timar for å hente vatn. Så langt var det til næraste kjelde. Og det vatnet dei fann, var langt frå trygt, understrekar ho.

Ein av dei som henta vatn, var 15 år gamle Deodata Julius.
– Eg gjekk for å hente vatn kvar morgon klokka fem og gjekk i to timar. Då eg kom heim, sprang eg til skulen for ikkje å kome for seint. Etter skulen sprang eg heim for å gå i to nye timar. Først klokka 19.30 på kvelden kunne eg setje meg ned og gjere lekser, fortel ho.
Deodata legg til at ho alltid var sliten og trøytt, og at ho grudde seg til å hente vatn på etter-middagane. For ofte rakk ho ikkje heim før det blei mørkt.
– Eg syntest det var ekstra skummelt å gå i mørkret, minnest ho.

I 2014 samla det norske folket inn 250 millionar kroner til reint vatn gjennom TV-aksjonen, noko som gav vatn til 1,7 millionar menneske. Ein av landsbyane




som har fått brønn, er nettopp Goje. I Mbulu, der vi er no, har 126 000 menneske fått tilgang til reint vatn. Kirkens Nødhjelp har både bora etter vatn og reparert brønnar. Den djupaste brønnen er på 135 meter.

Ei fersk undersøking som er gjort i Mbulu og i Haydom, viser ein nedgang frå 89 til 35 prosent i sjukdommar som er relaterte til skitent vatn.
– Eg er så stolt, så stolt over å få vere med på å endre så mange liv. Det er ein heilt annan atmosfære her no. Folk er lykkelege og har jobb, skulane er fulle av elevar, livskvaliteten har endra seg, og bøndene kan igjen dyrke grønsaker, seier Nizar.

Rundt vasspumpa i Goje er det full aktivitet. Skulen til Deodata er her for å hente vatn. Sjølv slepp ho å gå i timevis og kan konsentrere seg om å bli lege.

Nizar er spesielt glad for at barn og unge endeleg kan få tid til å vere nettopp unge.
– Liva deira var så travle, men no får dei vekse opp og ha normale liv. Det fortener dei. Eg ser så mange smil. Dei kan leike, gå på skulen og halde seg friske. Eg blir så imponert over denne endringa, smiler ho.

Sjølv om livet i Goje no er godt, er det framleis stor vassmangel i Tanzania, noko som òg gjeld større byar.

4 millionar menneske manglar tilgang til reint og trygt vatn. 29 millionar menneske har ikkje tilgang til gode sanitærforhold.

*Anette Torjusen*
**Tekst og foto**

## TA I MOT BØSSEBÆRARANE I SOGNDAL

**Fasteaksjonen er i år frå 26. – 28. Mars.**

I Sogndal kommune vil konfirmantane gå frå hus til hus tysdag 28. Mars.

Ta vel i mot dei!

Du kan òg gå inn på Fasteaksjonen sine nettsider,

**www.fasteaksjonen.no,**

og gje ditt bidrag der!

*Takk for gåva du gir!*

# Konfirmasjonar våren 2023

Med atterhald om endringar.
Konfirmantlistene vert også publisert i Sogn Avis og på nettsidene våre.

**SÆLE KYRKJE**

**Søndag 30. april kl. 11.00**
Kurt Nikolai Miralles Dale
Sandra Nesse
Robin Rendedal Mundal

**ØLMHEIM KYRKJE**

**Søndag 07. mai kl. 11.00**
Elisabeth Nornes
Nicolai Myklemyr Robøle
Sigurd Løkø Ylvisåker
Stine Gustavsen Fimreite

**TJUGUM KYRKJE**

**Laurdag 13. mai kl 11.00**
Bendik Bøthun
Eirik Fuglestad
Johannes Heier
Mathias Kyrvestad
Kristoffer Stokkebø
Leander Lillehauge Thorsnes

**Laurdag 13. mai kl. 13.00**
Elisabeth Feten
Maiken Hatlestad Hellenes
Madeleine Kleppe Holgersen
Janne Klara Silva Høydal
Emilija Kynaite
Olivia Meel Lunde
Linea Aaland Linde

**STEDJE KYRKJE**

**Laurdag 13. mai kl 10.00**
Adrian Bøthun Olsen
Daniel Seglem Hovgaard
Hanne Hollekve
Erik Loftesnes Harjo
Lukas Lemvik Vigdal
Marcus Johannes Relling Trettenes
Marius Høgi Nes
Mathias Fredheim Dahl
Theo Ruud Westgård
Thomas Leikanger Gjerdalen
Viljar Gulbrandsen Langeteig
Vilma Hoff-Dalsøren
Emma Nesvoll
Stina Ruud Flatane

**Laurdag 13. mai kl. 12.30**
Emma Øyri Thue
Espen Skarsbø Moum
Frida Have Næss-Olesen
Kjell Alexander Kvam
Leon Bäckström Vikdal
Linus Vikheim Sætre
Maia Gustavsen Nes
Mathias Træland Navarsete
Patrik Øygard Ølnes
Sander Bergsvik Kvam
Tuva Stentvedt Kvigne
Vilde Lærum Fardal
Ivar Engeset
Jonas Henjesand Sætre

**Søndag 14. mai kl. 11.00**
Asbjørn Svedal Hatle
Edvin Tobias Mannsåker Holme
Elias Svedal Flo
Eskil Elvagjeng
Even Andrè Bjørk
Ida Sætrehaug Stedje
Nathalie Høgi
Karoline Hazel Skjeldestad
Kasper Røysum Petty
Mari Hov Heggestad
Martine Lorentzen Brenden
Lars Ove Kusslid
Emma Bøyum
Rejina Philip
Maja Veum Tuftene
Kristian Johannessen Nord

**KONFIRMERT 1973?**

Søndag 4. juni kl. 11.00 vert det gudsteneste i Ølmheim kyrkje, der dei som vart konfirmerte i 1973 er særskilt inviterte.

Jubileet er felles for sokna Norum, Kaupanger og Stedje.

Alle 50-års konfirmantane vil få skriftleg invitasjon til gudsteneste, og til middag på Hofslund Fjordhotell etterpå.
**Vel møtt!**



*Illustrasjonsbilde. Foto: Egon Askvik*

**KAUPANGER STAVKYRKJE**

**Torsdag 18. mai kl 10.00**
Andreas Aas
Harald Lund
Jonas Aasen Engebø
Julia Vedvik
Mathias Vedvik
Sina Åmot Alme
Linnea Moen Bjørnethun

**Torsdag 18. mai kl. 12.30**
Kaja Hauståker
Niclas Høgheim Olstad
Troy Rønning
Leon Tveito
Tilde Dahl-Tørnes

**Laurdag 20. mai kl. 10.00**
Andreas Menes Lunde
Bertine Rognstad Ness
Daniel Moldestad Eineteig
Emil Ekrene Haukås
Emilie Haukøy Eckhoff
Henrik Nondal
Ida Molland Menes
Lemone Løland
Jarle Olafsen Fretland

**Laurdag 20. mai kl. 12.30**
Theodor Furnes Vestreim
Marcus Hjelleflat Bjørk
Natalie Neraas Teigen
Selma Løkkebø Vedvik
Synnøve Teigen Jensen
Vilde Birkeland Meisterplass
Åsmund Berge
Malin Settevik Midtgård

**FJÆRLAND KYRKJE**
**Søndag 28. mai kl 11.00**

Linnea Bøyum Haugen
Vebjørn Orheim Mundal
Styrk Supphellen Solsvik

**LEIKANGER KYRKJE**

**Laurdag 27. mai kl 11.00**
Andrea Amundsen
Emilie Tangen Mo
Maja Rydningen Hamre
Christoffer Amundsen
Olav Brudvik Sunde
Tarjei Ulveseth Odd
Noah Borlaug Stølen
Arin Asperanden Navarsete
Milian Asperanden Hauge
Sebastian Blindheim-Hansen

**Søndag 28. mai kl. 11.00**
Celina Fredriksen Fimreite
Carina Norum Husabø
Anniken Sofie Nornes
Elinde Natchanan Røen
Emilie Havnen Borlaug
Maria Louise Pedersen
Brede Villand Alme
Nathaniel Mathias Karlsen Johansen
Jonas Linde
Eivind Fosse Fidjestøl
Lars Martin Olsen Elvheim

# *Gudstenester i påska 2023*

## *Palmesøndag – 2. april*

**Fjærland kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste

**Fjordtun oppvekstsenter, Balestrand kl. 11.00:** Gudsteneste

**Kaupanger stavkyrkje kl. 16.00:** Påskevandring med kyrkjekaffi

## *Skjærtorsdag – 6. april*

**Ølmheim kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste

**Britabu kl. 13.00:** Sportsandakt

**Sogndal helse- og omsorgssenter kl. 13.30:** Påskegudsteneste med nattverd

**Leikanger kyrkje kl. 19.00:** Kveldsgudsteneste

## *Langfredag – 7. april*

**Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste

**Sæle kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste

**Stedje kyrkje kl. 20.00:** Krossvandring og pasjonsgudsteneste

## *Påskedag – søndag 9. april*

**Tjugum kyrkje kl. 11.00:** Høgtidsgudsteneste

**Stedje kyrkje kl. 11.00:** Høgtidsgudsteneste

**Leikanger kyrkje kl. 11.00:** Høgtidsgudsteneste

## *2. påskedag – mandag 10. april*

**Fjærland kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste med minnedel

## Påskevandring med kyrkjekaffi på Kaupanger

På palmesøndag inviterer me heile familien til påskevandring på Kaupanger kl. 16.00 ved skulen/bedehuset, og endar opp ved og i stavkyrkja ca kl. 17.00 for ei avsluttande samling og påfylgjande kyrkjekaffi. Ein kjempefin start på påskefeiringa.

**Ta med deg store og små og kom!**




Foto: Birte Husum

# Lys Vakne 11- og 12-åringar på Stedjetunet


Foto: Birte Husum

Siste helga før advent arrangerte me LysVaken igjen, der deltakarar var med frå Stedje, Kaupanger og Leikanger sokn. Denne gongen i samarbeid med diakoniens dag i Stedje kyrkjelyd. Nytt dette året var at me også inviterte 10-åringane til førjulskino, leik og pizzafest laurdagskvelden. Det var ganske livleg og god stemning rundt langborda når eit trettitals 10-12-åringar skulle ete pizza ilag. Me såg animasjons-filmen «Stjernen» og åt popkorn og frukt. Det var fine refleksjonar hjå deltakarane då me snakka om filmen i grupper etterpå. Då 10-åringane gjekk heim, gjekk me andre bort i kyrkja. Medan Husum-bandet spelte, lærte deltakarane seg fort refrenget på LysVaken-songen. «Lys vaken, kva er no det? Å ville, å sjå og gje det gode til dei som treng meir enn oss» song me. Det var fint å samlast rundt lysgloben og tenne lys og be for kvarandre. Utanfor kyrkja tende me faklar og gjekk i fakkeltog gjennom kyrkjegards-allèen. Jesus, som sa «Eg er lyset for verda», sa også «Eg er oppstoda og livet».

Borte på Stedjetunet vart det kveldsmat før me rigga oss til i to sovesalar. To mødre kom og var vakne nattevakter, og dei kunne rapportere om at natta hadde gått veldig fint.

Sjølv om det heiter LysVaken, var det nok ein del trøytte folk på gudstenesta søndagen. Likevel trur eg dei fleste som var der fekk med seg bodskapen om å vere lys vakne for seg sjølve, for andre, for Gud og for verda. Med gode tilbakemeldingar frå deltakarane, vert me inspirerte til å halde fram med LysVaken neste år. Tusen takk til alle dei mange frivillige medarbeidarane som har gjort denne helga mogleg.

*Birte Husum*

**leiar for trusopplæringa**

# Juletrefest i Stedje kyrkje



Foto: Gitte Therkelsen Torstad

**Juletrefesten** 8. januar 2023 i Stedje kyrkje, vart som åra tidlegare ei kjempefin fest med noko for ein kvar smak!

Festen vart stødig leia av trusopplærar Birte Husum, og den unge nissen som kom innom i farten med julegodt til borna, vart sjølvsagt godt motteken og populær! Dåpsringen hadde laga til god servering, og familien Malmanger Svedal gledde dei frammøtte med song og musikk. Marit Ellingsen fortalde om korleis dei laga til julefeiring på Madagaskar då ho var liten, og dette var det kjekt å lytte til!

Takk til Dåpsringen som står i bresjen for juletrefesten!

*Gitte Therkelsen Torstad*
**diakon**

# Adventsstund og engleverkstad

I november 2022 starta me opp eit trusopplæringstiltak som har vore i plan og tanke lenge. Me inviterte 7-åringane frå heile Sogndal til adventsstund og engleverkstad, der dei kunne velje å kome til Leikanger eller Stedje. Me inviterte til kyrkjene, men grunna temperaturutfordringar flytta me arrangementa til Leikanger kyrkjelydshus og Stedjetunet i staden. Dette fann me ut var meir eigna lokalitetar, og kjem til å gå for denne plasseringa neste år også.

Til Leikanger kyrkjelydshus kom det deltakarar heilt frå Fjærland og Balestrand. Det vart lystenning, julesong og juleforteljing. Vegard prest spela piano til songane og «tafla» julemusikk under sjølve verkstaden. På Stedjetunet hadde me ikkje pianist, så då måtte trusopplærar Birte «til pers» med gitaren. Det vart ikkje same susen over «taflinga» med gitar, så ho valde å setje på julesongar frå Spotify, då tida var komen til engle- og stjerne-makinga. Til Stedjetunet kom det også fjærlendingar, i tillegg til kaupingar og sogndøler. Det vart produsert englar i alle slags variantar: Til dømes regnbogeengel, ninjaengel, pynteengel, fredsengel, songengel, gledesengel og mykje meir. Me åt bollar baka av frivillige og drakk saft og kaffi, medan dei siste gjorde seg ferdige med det dei laga. Samlingane vart avslutta med lystenning og bøn for dei frammøtte, familiane deira, bygdene våre og verda vår. Me håpar alle fekk ei god jul og at englane og stjernene som vart laga fekk lyse opp til glede for alle som fekk sjå dei rundt omkring i heimane.

*Birte Husum*
**leiar i trusopplæringa**



*Leikanger kyrkjelydshus: Ungane viser fram englane sine.*
*Foto: Birte Husum*

# BARNAS

## Finn 10 hovudstader!

I rutenettet under har vi gøymt 10 forskjellige hovudstader. Namna står frå venstre mot høgre og nedover. Klarer du å finne alle saman?

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| M | A | N | I | L | A | N | T |
| O | S | A | T | H | E | N | A |
| S | O | P | N | E | G | A | L |
| O | F | T | A | L | E | I | I |
| S | I | G | R | S | U | R | M |
| L | E | K | A | I | R | O | A |
| O | R | Ø | I | N | F | B | R |
| R | O | M | A | K | S | I | O |
| B | E | R | L | I | N | E | M |
| I | M | S | H | A | N | O | I |

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på **sondagsskolen.no** eller **22 08 71 00**




## Fargelegg!



*Teikning: Chiara Bertelli*

## Vitsar

Kva hadde vi kalla Noahs ark hvis den hadde vore ein rutebåt?
Svar: Ruteark

– Kelner! Er dette ein vanleg tre-rettars middag?
– Ja, ein kjøttkake, ein potet og ein ert.

– Eg skal ha to kaffe utan fløte.
– Vi har ikkje fløte, så då må det bli utan mjølk.

## Finn fem feil!

Her viser Jesus seg for disiplane etter at han døde og stod opp att. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne fem feil på biletet til høgre? *Teikning: Chiara Bertelli*





Trusopplæringstiltak vinter og vår 2023

# *Fjærland, Kaupanger, Leikanger, Norum og Stedje sokn*

### Babysong

Dette er eit trusopplæringstiltak for dei yngste i lag med foreldre som har permisjon/fri. Me innleier med ein halvtimes songstund frå kl. 11.00, og et lunsj i lag etterpå fram til 12.30. I periodane 25.1. – 22.3 og 12.4.-11.5. Sjå heimesida for informasjon om datoar, klokkeslett og vekedagar.

• Kaupanger bedehus.
• Stedjetunet.
• Leikanger kyrkjelydshus


Foto: Bo Martinsen

### Småtrolltrall for 1-3-åringar

Nokre torsdagar i halvåret møtast me på Stedjetunet for song og leik, kjeks og saft kl. 17.15 – 18.15. Sjå heimesida for datoar. Me har om lag ein halvtimes songstund med rørsler, rim og regler. Det er lov å ta med seg både søsken, foreldre og besteforeldre. Kanskje oldemor har lyst å vere med også?



### Blomstergudsteneste i Fjærland

1. juni kl. 12.00. Her blir 4-6-åringar inviterte til å vere med å plukke blomar i forkant av gudstenesta.

**4-årsbøkene vert utdelte på hausttakkefestane.**

### Tårnagentdag laurdag 6. mai

i og ved STEDJE kyrkje for ALLE som fyller 8 og 9 år i 2023.

Oppdagingsferd i kyrkja, med tårnbesøk og hemmelege spor, mat og kjekke oppgåver. Dette gler me oss til, og håpar å treffe mange nyfikne agentar. Det vil kome invitasjonar i posten til dei som er medlem, tilhøyrige eller trusopplæringsabonnentar, men andre i aldersgruppa er også velkomne.

Me opnar for påmelding på nettsida vår, og det vil vere ein påmeldingsfrist. FØLG MED!




### 11-årsbøker

Kvart år deler kyrkjelydane ut «BIBELEN, ei vandring gjennom den store forteljinga» til 11-åringane. Me hadde utdeling av desse i februar i alle sokn. Fekk du ikkje høve til å kome, kan du ta kontakt med kyrkjekontoret.

### LysVaken for 11- og 12-åringar

og kyrkjekino der 10-åringane også vert inviterte:

Set av helga 11.-12. november!

**For meir informasjon om ulike trusopplæringstiltak i våre kyrkjer, sjå www.sogndal.kyrkja.no/TOL. Du finn oss og på Facebook: Kyrkja i Sogndal og Trusopplæring – Kyrkja i Sogndal.**

### Påskefest for alle med utdeling av seksårsbøker:

• Ølmheim: 16. april kl. 11.00
• Leikanger: 16. april kl. 17.00

### Skulestartgudstenester med utdeling av seksårsbøker:

• Stedje: 20. august kl. 11.00
• Leikanger: 20. august kl. 17.00
• Kaupanger: 27. august kl. 11.00



### Påskevandring

På palmesøndag inviterer me heile familien til påskevandring på Kaupanger kl. 16.00 ved skulen/bedehuset, og endar opp ved og i stavkyrkja ca kl. 17.00 for ei avsluttande samling og påfylgjande kyrkjekaffi. Ein kjempefin start på påskefeiringa. Ta med deg store og små og kom!

**VIL DU SOM VAKSEN BIDRA MED NOKO I TRUSOPPLÆRINGA?**

Konkrete ting du kan gjere:
• Bake bollar.
• Vere tilstades som ein trygg vaksen person.
• Leie samlingar eller grupper.
• Komme med gode idèar på ting me kan gjere for barn og unge i kyrkjelydane våre.
• Bidra praktisk på babysong, småtrolltrall, tårnagent, lys vaken eller anna.

Det er eit utruleg givande og fint arbeid, og me ynskjer at fleire skal få ta del i denne delen av å vere kyrkje i Guds rike.

Er det noko du lurar på om trusopplæingstiltak i sokna Stedje, Leikanger, Kaupanger, Norum og Fjærland? **Ta kontakt med trusopplærar Birte Husum.**

**tlf: 947 98 799**
**e-post: birte.husum@sogndal.kyrkja.no**

# Balestrand sokn

**Babysong/småbarnstreff (0-2 år):** Det er ikkje sett opp faste datoar etter påske, men vi arrangerer gjerne treff eller trilleturar etter ynskje.
Følg gjerne Facebook-gruppa Balestrand babysong eller ta kontakt direkte med kyrkjelydspedagogen.

**Minikonfirmantleir 14.-16. april på Alværa misjonssenter** saman med minikonfirmantar frå Vik og Ytre Sogn. Påmelding til Magni Åm Risa innan torsdag 30. mars.

**Alle 5.-8. klassingar er velkomne på Nestenåring** på Bedehuset kl. 18-20 fredag 31. mars, 21. april og 2. juni. Her er det mat, prat, undervising og leik.



**Alle som går på ungdoms-skulen er hjarteleg velkomne på Samtalegruppe** annakvar tysdag kl. 19.30-21.30 heime hos familien Risa i Fjærestad 42. Vi et saman, pratar om liv og tru, utforskar Bibelen og blir betre kjende med Gud og kvarandre.




**Sommartreff på Sygna 21.-25. juni**




Går du på ungdoms-skulen eller i 7. klasse?

Då er du hjarteleg velkommen på Sommartreff i Balestrand. Dette er ein leir med god undervising og mange artige aktivitetar.

For meir informasjon og påmelding: **https://nlm.no/arbeid-i-norge/nlm-ung/arrangementer/sommertreff/sygna/forside.**

Har du spørsmål, kontakt **Henning Sagevik** på 950 60 989 eller hsagevik@sygna.vgs.no




**Ung Messe i Tjugum kyrkje torsdag 18. mai** (Kristi Himmelfartsdag) kl. 16. Ungdommar frå Sygna og Sagatun deltek med musikk og anna. Grilling og uteaktivitetar på badeplassen på Lunde etter gudstenesta.



**Ungdomskveld på Sygna vgs fredag 5. mai kl 21-24** for alle ungdommar frå ungdomsskule-alder og oppover. Velkommen til kjekke aktivitetar, ungdomsband, andakt, kiosk og god stemning!

I tillegg arrangerer frivillige lag og organisasjonar mange regel-messige, gode og kjekke aktivitetar for born og unge med rom for å vekse i trua.

**Velkomen på blant anna:**
- Spiren (3-7 år) og Addis (8-13 år) kl. 17.30-19.00 onsdag i oddetals-veker (vår)
- KRIK (14-20 år) i Belehalli eller på fotballbana kl. 16.30-18 kvar fredag
- Kveldsmøte i møtesalen på Sygna vgs kl. 20 kvar torsdag.

Har du spørsmål eller innspel til trusopplæringstiltaka i Balestrand?

**Ta kontakt med kyrkjelydspedagog Magni Åm Risa**
**466 97 478**
**magni.risa@sogndal.kyrkja.no**

For meir informasjon om ulike trusopplæringstiltak i våre kyrkjer, sjå www.sogndal.kyrkja.no/TOL. Du finn oss og på Facebook: Kyrkja i Sogndal og Trusopplæring – Kyrkja i Sogndal.

# Politiet har lagt bort brannsaka



*Utruleg nok greidde brannvernet å hindra at brannen spreidde seg frå eldhuset til bårehuset. Av det verna eldhuset er det berre att ein haug med brent materiale.*

**Politiet har ikkje greitt å finna ut kva som er årsaka til at det verna eldhuset på Leikanger prestegard brann ned.**
Saka er no ferdig etterforska. Då politiet ikkje har greitt å finna ut kvifor det brann, er saka no lagd bort på grunn av mangel på prov, får Kyrkjelydsbladet opplyst ved Sogndal politistasjon.

Eldhuset som var frå 1700-talet, låg nærast vegg i vegg med borgstova frå 1700-talet, og ligg tett på kyrkja.

Ein nabo oppdaga brannen kl. 6.20 sundag 21. november. Alt kl. 06.26 var brannvernet på plass og fekk sløkt brannen. Dei greidde å hindra at brannen spreidde seg til andre hus.
– Historiske verdiar går tapt når eit verna bygg brenn ned. Prestegarden og husa i tunet er ein viktig del av samanhengen mellom kyrkja og prestegarden, seier sokneprest Vegard Bondevik Lie. Han fekk sjokkmeldinga om brannen berre nokre timar før han skulle ha gudsteneste i kyrkja.

**Rydda tomta?**
Opplysningsvesenets Fond (OVF) eig prestegarden i Leikanger.

*– Kva gjer OVF når politiet legg bort saka fordi dei ikkje greidde å finna årsaka til at det byrja å brenna?*
– Dette var nytt for meg. Me må rydda branntomta. Så må me vurdera om eldhuset skal byggjast opp att, eller om murane berre skal verta ståande. Det må no vurderast, seier prestegardsinspektør Jan Stedje i OVF.

**Over til kyrkja**
Opplysningsvesenets fond eig prestegarden no. Enn så lenge. Det er vedteke at eigedomen er ein av dei som skal skal overførast til Den norske kyrkja. Dei siste åra har ikkje presten budd i prestegarden, som no har vore leigd ut til private personar.

*Sigrid Svartefoss*
**Tekst og foto**



*Frå Stedje kyrkjegard. Foto: Hallgeir Øgaard Westli*

## DUGNAD PÅ KYRKJEGARDANE

Det nærmar seg vår, og i løpet av våren vert det dugnader på kyrkjegardane ved kyrkjene våre.

Dei datoane som til no er sett er:

**Sæle kyrkje**
Torsdag 13. april

**Tjugum kyrkje**
Torsdag 20. april

**Kaupanger stavkyrkje**
Tysdag 2. mai kl. 17.30

**Fjærland kyrkje**
Onsdag 10. mai kl. 16.00

For **Stedje, Ølmheim og Leikanger sokn**:
Følg med på nettsidene våre og sosiale medier.

# Søkjer fosterheimar hjå kyrkja sine medlemmer

**Det er eit stort behov for fleire fosterheimar og familiar med ulik bakgrunn. Fosterheimstenesta i Bufetat, region Vest samarbeider med Sogn prosti og Den norske kyrkja. Som ambassadør vil kyrkja hjelpe til med å synleggjere behovet for fosterheimar hjå sine medlemer. Målet er å rekruttere fleire fosterheimar.**


Illustrasjonsfoto: Bufetat

Over 200 born og unge venter på fosterheim i Noreg i dag. Hilde Yndestad Halland som er avdelingsleiar i Fosterheimstenesta avdeling Førde i region Vest, understrekar at det er behov for mangfald mellom fosterheimane i regionen. Ein god fosterheim kjenneteiknast av voksne med god omsorgsevne som kan gje borna gode, trygge, stabile rammer.

– Fosterbarn er som alle andre barn, dei er ulike. Dei har ulik bakgrunn og ulike behov – og treng ulike fosterheimar. Felles for alle er at dei treng vaksne som kan gje tryggleik, omsorg og kjærleik.

I oppvekstreforma som vart sett i kraft i år, står det mellom anna at barnet si kulturelle og religiøse tilhøyring også skal ivaretakast.

---

## Samarbeid for å rekruttere fleire fosterheimar

Bakgrunn for samarbeidet mellom fosterheimstenesta og Den norske kyrkja er at tidlegare barne- og familieminister, Kjell Ingolf Ropstad, inviterte alle tru- og livssynssamfunn i Noreg til ein felles dugnad for å rekruttere fleire fosterheimar.

Denne dugnaden jobbar Fosterheimstenesta i Bufetat, region Vest, avdeling Førde med. Målet er å synleggjere behovet for fosterheimar og vonleg få endå fleire familiar til å bli fosterheim.

*- Vi ynskjer å få flest mogeleg til å tenkje på og vurdere om dei kan bli fosterheim sjølv. Ta praten i heimen. Husk at du kan utgjere ein stor forskjell for det barnet som treng deg, er oppmodinga frå Halland.*

Hilde Yndestad Halland
**Bufetat**


*Hilde Yndestad Halland. Foto: Bufetat*

Halland oppfordrar alle med spørsmål rundt det å vere fosterheim om å ta kontakt. Det gjer du ved å gå inn på **www.fosterheim.no**. Her kan du òg melde deg på digitale informasjonsmøter. Det er heilt uforpliktande å snakke med oss i fosterheimstenesta.

## Støttespelarane våre:


SIDAN 1907
Lerum
www.lerum.no

Printfarm
TRYKK DU BLIR GLAD I.
post@printfarm.no www.printfarm.no
Miljøfyrtårn

kontorspar
Skjeldestad
Fossetunet 1 | 6856 Sogndal
Tlf: 57 67 65 40 | skjeldestad@kontorspar.no
www.kontorspar.no

alliance*
OPTIKK
Sogn Synssenter
Eit variert utval i alle prisklassar av innfatningar, brilleglas, kontaktlinser solbriller, kikkertar og luper.
Tlf: 57 67 50 50

ADVOKATFIRMAET
TOLLEFSEN
Parkveien 5, 6856 SOGNDAL • Tlf. 57 62 88 50 • e-post: post@advokat-tollefsen

VANNES REVISJON OG REKNESKAP AS
Org. Nr. 912 406 326 MVA
Brattland 8
6899 Balestrand
900 15 991 - post@revisormhv.no

LEDIG
ANNONSEPLASS

Optiker
Kjell M. Talleraas
6856 Sogndal • tlf. 57 67 11 10 • optikaren.no

HOLLEKVE SAG
TRE- OG STÅLBYGG
Telefon 90 11 67 83

MESTER
Byggmester
Ingmar Stenehjem
mob. 90 58 10 21 • tlf. 57 67 29 52
www.stenehjembygg.no

AMFI
SOGNINGEN
AMFI Mykje å gle seg til. Alltid.

NORDBOHUS
NORDBOHUS SOGN
www.nordbohus.no/sogn

HOLEN INSTALLASJON AS
SOGNDAL • GAUPNE • LEIKANGER • VIK
www.holen-installasjon.no • Tlf. 57 67 75 00 • post@holen-installasjon.no

LINDBAK
SOGN OG FJORDANE
Tlf. 57 67 66 99
www.lindbak.no

solberg
el-service

Sogn gravferdshjelp
GRAVSTEIN
Me kan hjelpe med skriftfornying, oppretting og rens av gravsteinar, på alle gravplassar i Indre Sogn.
57 68 14 77 • www.sogngravferdshjelp.no • post@sogngravferdshjelp.no

Hofslundsengen Trafikkskole
Telefon: 57 67 18 85
Opplæring klasse
A1-A-B-BE-T-M146
Trafikalt grunnkurs
E-post:
post@hofslundsengen-trafikkskule.no

LEDIG
ANNONSEPLASS



VestlandsHus
TRYGGE HJEM
ALT INNAN TØMRAR OG BETONGARBEID
KONTAKT OSS FOR TILBOD!
VestlandsHus®
VestlandsHus Sogn AS • Tlf 57 67 33 88

ncom
OFFENTLEG GODKJENT
REINGJERINGSFIRMA
www.ncomsogn.no

RØYRLEGGJAR
ingmar fimreite as
6856 Sogndal Tlf. 57 67 45 21 - mob. 905 00 331
www.fimreite.as

FS Anlegg as
www.fsanlegg.no

THARASO AS

SOGN
KJØLESERVICE
57 67 11 11
sognkulde.no

dyreklinikken
-i Sogndal AS
Man: 18.00 – 20.00
Tys og ons: 08.00 – 11.00
Tor og fre: 09.00 – 12.00
Tlf: 57 67 55 55 / 976 75 555

ANNONSE I
KYRKJELYDSBLADET?

Kyrkjelydsbladet vert distribuert til alle
husstandane i Sogndal kommune.
Ynskjer du å vere annonsør
i kyrkjelydsbladet?

Ta kontakt med redaktøren for prisar,
tilgjengelege storleikar og annan informasjon.

LEDIG
ANNONSEPLASS

TRENG DU
NOKON Å FORTELJE
DET TIL?
KIRKENS SOS
22 40 00 40

# Ætti i glede og sorg

Sjå sogndal.kyrkja.no for påmelding til dåp eller ta kontakt med kyrkjekontoret om moglege datoar for dåp og vigsel. Telefon 57 67 99 85

## DØYPTE

**BALESTRAND - TJUGUM**

| | |
|---|---|
| 06.11.2022 | Arne Nordeide Thorseth |
| 29.01.2023 | Elida Andrea Rendedal |

**KAUPANGER**

| | |
|---|---|
| 30.10.2022 | Gustav Høyum |
| 06.11.2022 | Helena Dalaker |

**NORUM**

| | |
|---|---|
| 06.11.2022 | Live Hjelmeseter (frå Sogndal) |
| 06.11.2022 | Nora Gaukstad |
| 15.01.2023 | Julian Leirdal (frå Trondheim) |
| 15.01.2023 | Ylva Brusegard |

**STEDJE**

| | |
|---|---|
| 30.10.2022 | Lilly Kringstad (frå Bergen) |
| 30.10.2022 | Vida-Lill Fet Hillestad |
| 30.10.2022 | Liah Slinde Ask |
| 20.11.2022 | Jens Wigum |
| 20.11.2022 | Ada Gjerde |
| 11.12.2022 | Levi Alfred Skjerven |
| 11.12.2022 | Vetle Uglum |
| 11.12.2022 | Isak Karoliussen |
| 22.01.2023 | Asbjørn Thue (frå Kaupanger) |
| 29.01.2023 | Sofie Sterri (frå Kaupanger) |
| 29.01.2023 | Aurora Grønsberg (frå Kaupanger) |
| 05.02.2023 | Emil Johannes Bakken |
| 05.02.2023 | Lukas Andre Halsebakk (frå Leikanger) |

## GRAVLAGDE

**BALESTRAND - SÆLE**

| | | |
|---|---|---|
| 06.01.2023 | Olav Eithun | f. 1933 |

**BALESTRAND - TJUGUM**

| | | |
|---|---|---|
| 11.11.2022 | Ragnar Johan Myrland | f. 1930 |
| 21.02.2023 | Svanhild Birkeland Eide | f. 1947 |

**FJÆRLAND**

| | | |
|---|---|---|
| 08.11.2022 | Margot Jenny Bøyum | f. 1930 |
| 18.11.2022 | Odd Skeide | f. 1945 |
| 24.01.2023 | Inger Jorunn Strong | f. 1944 |

**KAUPANGER**

| | | |
|---|---|---|
| 22.11.2022 | Helga Rygg | f. 1927 |
| 15.12.2022 | Kari Hauståker | f. 1923 |
| 12.01.2023 | Elin Riksvold | f. 1933 |

**LEIKANGER**

| | | |
|---|---|---|
| 06.01.2023 | Arne Opthun | f. 1932 |
| 21.02.2023 | Knut Dokken | f. 1945 |

**NORUM - ØLMHEIM**

| | | |
|---|---|---|
| 09.12.2022 | Magne Buvik | f. 1939 |
| 16.12.2022 | Klara Øvretun | f. 1928 |
| 17.02.2023 | Geir Helge Slinde | f. 1964 |

**STEDJE**

| | | |
|---|---|---|
| 18.11.2022 | Jan Tore Eresberg | f. 1944 |
| 24.11.2022 | Per Dagfinn Drageset | f. 1944 |
| 25.11.2022 | Per Atle Espe | f. 1950 |
| 01.12.2022 | Beate Eikevik Røse | f. 1967 |
| 01.12.2022 | Kjell Karstein Kvåle | f. 1948 |
| 02.12.2022 | Einar Olav Vedvik | f. 1946 |
| 03.01.2023 | Kjell Arthur Tuftene | f. 1957 |
| 03.01.2023 | Jenny Lægreid | f. 1926 |
| 26.01.2023 | Gunnvald Bruaas (Bisetjing) | f. 1927 |
| 08.02.2023 | Sigurd Berge | f. 1928 |
| 17.02.2023 | Aslaug Hove | f. 1932 |

# Velkomen til gudsteneste

**Med atterhald om endringar.**
Sjå gudstenesteliste i Sogn Avis eller på våre nettsider www.sogndal.kyrkja.no og våre Facebook-sider: Kyrkja i Sogndal

**For gudstenester i påska og konfirmasjons-gudstenester, sjå side 18-20.**

*I perioden 30. mai – ca. 10. juli er Leikanger kyrkje stengd grunna renovering av orgelet. Gudstenester i denne perioden vert i friluft dersom veret tillét det, eller på kyrkjelydshuset.*

| | |
|---|---|
| **APRIL** | |
| **Søndag 16. april** | **Stedje kyrkje kl. 11.00:** Ung Messe / Samtalegudsteneste |
| | **Ølmheim kyrkje kl. 11.00:** Påskefest for alle |
| | **Leikanger kyrkje kl. 17.00:** Påskefest for alle |
| | **Kaupanger stavkyrkje kl. 19.30:** Ung Messe / Samtalegudsteneste |
| **Søndag 23. april** | **Tjugum kyrkje kl. 11.00:** Samtalegudsteneste |
| | **Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste |
| **Søndag 30. april** | **Leikanger kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste |
| | **Stedje kyrkje kl. 19.30:** Kveldsgudsteneste |
| **MAI** | |
| **Søndag 7. mai** | **Tjugum kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste. Markering av diakoniens dag |
| | **Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste |
| **Søndag 14. mai** | **Leikanger kyrkje kl. 11.00:** Høgtidsgudsteneste |
| **Onsdag 17. mai – Grunnlovsdag** | **Stedje kyrkje kl. 09.30*:** Festgudsteneste |
| | **Tjugum kyrkje kl. 10.00:** Festgudsteneste |
| | **Leikanger kyrkje kl. 10.15:** Festgudsteneste |
| | **Kaupanger stavkyrkje kl. 10.45:** Festgudsteneste |
| | * Mogleg endring av tidspunkt |
| **Torsdag 18. mai – Helgetorsdag** | **Tjugum kyrkje kl. 20.00:** Ung Messe |
| **Søndag 21. mai** | **Fjærland kyrkje kl. 11.00:** Samtalegudsteneste |
| **Søndag 28. mai – Pinsedag** | **Tjugum kyrkje kl. 11.00:** Høgtidsgudsteneste |
| | **Stedje kyrkje kl. 11.00:** Høgtidsgudsteneste |
| **Måndag 29. mai – 2. pinsedag** | **Kvamsøy kyrkje kl. 12.00:** Gudsteneste. Båtskyss (kr 60) frå kl.11.00 og utover |
| **JUNI** | |
| **Søndag 4. juni** | **Tjugum kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste |
| | **Ølmheim kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste med markering av 50-årskonfirmantar |
| **Søndag 11. juni** | **Stedje kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste |
| | **Leikanger kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste i kyrkjelydshuset eller i friluft |
| **Søndag 18. juni** | **Stølsberg, Balestrand kl. 11.00:** Friluftsgudsteneste |
| | **Kaupanger, De heibergske samlinger, kl. 11.00:** Friluftsgudsteneste |
| | **Fjærland kyrkje kl. 12.00:** Blomstergudsteneste |
| **Søndag 25. juni** | **Stedje kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste |
| | **Sæle kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste |
| **JULI** | |
| **Søndag 2. juli** | **Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste |
| | **Tjugum kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste |

KLIMANØYTRAL
DISTRIBUSJON
Levert av Posten

# Vi er sett fri

**Då tok Pilatus til orde att og sa: «Kva vil de då at eg skal gjera med han som de kallar kongen over jødane?» «Krossfest han!» skreik dei tilbake. «Kva vondt har han så gjort?» spurde Pilatus. Men dei skreik berre endå høgare: «Krossfest han!» Pilatus ville gjerne gjera folkemengda til lags. Han gav dei Barabbas fri, men lét Jesus bli piska og gav han så over til krossfesting.**

Markusevangeliet 15, 12 – 15

*«Barabbas var jammen heldig!»* Det var ei jente i småskule-alder som sa det. Ho hadde høyrt om Barabbas som gjekk fri då Jesus vart dømd til døden.

Den uskuldige Jesus måtte døy, og forbrytaren Barabbas gjekk fri. Det kan sjå ut som eit justismord. Men dette var noko som Gud hadde planlagt. For Barabbas representerer oss. Det er vi som er dei heldige! Det er vi som går fri fordi Jesus gjekk i døden for vår skuld.

*Han vart såra for våre brot, knust for våre synder.*
*Straffa låg på han, vi fekk fred, ved hans sår vart vi lækte.*
*Vi gjekk oss alle vill som sauer, kvar tok sin eigen veg,*
*men skulda vi alle hadde, lét Herren ramma han.*

Jesaja 53, 5 – 6

I dette biletet av kunstnaren Magne Kristiansen ser vi at soldaten set Barabbas fri. Opp trappa frå fange-holet ligg friheita og lyset ligg og ventar på Barabbas. Fridomen er framstilt som ein lysande kross.




For då Jesus døydde på krossen, sette han oss fri. Han sette oss fri frå syndene våre og skulda vår, og frå Guds rettferdige straff. Jesus bytte plass med oss og tok straffa vår. Vi får gå fri, med letta rygg og letta samvit. Jesus opna vegen for oss til lyset og livet i Guds rike.

*Kjetil Netland*
**sokneprest, Balestrand**

*Illustrasjon: © Magne V Kristiansen 2021 Gjengjeve med løyve. Henta frå krossvandringa VIA DOLOROSA som heng på nokre av kyrkjegardane våre. (Sjå sogndal.kyrkja.no/vandring)*